**Evaluering og tildeling av kontrakt for Vurdering av plassering av ny barneskule Frekhaug-Dalstø**

# 1. Tildelingskriterier

Ved tilbodsfristen var det mottatt 4 tilbod. Alle tilbydarane er kvalifisert for oppdraget og evaluert. Tilbydarane er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

| TILDELINGSKRITERIE | DOKUMENTASJON | VEKT % |
|---|---|---|
| Totalpris oppdrag | - Utfylt prisskjema, sjå vedlegg 2 | 50 % |
| Tilbode personell sin dokumenterte erfaring, referanser og kompetanse | Under dette kriteriet vektleggast:<br>• Relevant kompetanse, referanser og erfaring vil bli vekta på ein skala frå 1-10, der 10 er høgast.<br>Dokumentasjon:<br>- CV for tilbode medarbeidare jf. opplisting i pkt. 2 i prisskjema. CV-en skal innehelde opplysningar om utdanning og tidlegare utførte oppdrag (oppdragsgjevar, storleik, og type/art og medarbeideren sin rolle i prosjektet). | 25 % |
| Gjennomføringsplan og oppgåveforståing | Tilbyder skal utarbeide ein overordna gjennomføringsplan for oppdraget. Tidsberekning skal ta utgangspunkt i estimert veke for kontraktssignering<br>Dokumentasjon:<br>- Gjennomføringsplan | 25 % |

## 1.1 Pris

Totalpris på oppdraget er evaluert etter følgjande metode: Forholdsmessige metode der: Poengscore = 10 x Pb/Pe der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er beste (lågaste) pris.

| Firma | Pris | Poeng | 50 % |
|---|---|---|---|
| Opa Form | kr 127 535 | 10,00 | 5,00 |
| Forum Arkitekter | kr 232 750 | 5,48 | 2,74 |
| Sweco | kr 267 102 | 4,77 | 2,39 |
| OGArkitekter | kr 300 000 | 4,25 | 2,13 |

Tabellen over viser at det er Opa Form som kjem best ut på pris.

## 1.2 Erfaring, referanser og kompetanse for tilbydd personell

Dette kriteriet er vurdert på ein skala frå 1 til 10 der 10 er best.

| Firma | Evaluering | Poeng | 25 % |
|---|---|---|---|
| Opa Form | Tilbyr tre arkitekter til oppdraget, alle er erfarne med variert kompetanse. Karlstveit har erfaring fra skulebygg i td Øygarden kommune. Noko erfaring med mindre mulighetstudier. Folgerø erfaring med større mulighetstude, td Indre Arna. Tilbyr eit samarbeid med eksterne fagfolk på veg og trafikk og eigen konsulent på støy. Samarbeidet vert leia av OPAFORM. Dette betyr eit team på fem personer. | 10,00 | 2,50 |
| Forum Arkitekter | Tilbyr tre arkitekter til oppdraget, to er svært erfarne og har variert bakgrunn med mulighetstudier, offentlege bygg. Fra plan til ferdig prosjektering. Har gjort liknende oppdrag i flerie kommuner. Tilbyr ikkje eigne fagfolk på veg eller trafikk og støy. | 7,50 | 1,88 |
| Sweco | Tilbyr fire medarbeiderer, dei tilbydde medarbeiderene har variert bakrunn som svarer til oppgåva. Gis- konsulent, arkitekt, vegingeniør og akustikk. Alle med variert erfaring frå tilsvarande oppdrag. | 10,00 | 2,50 |
| OGArkitekter | Tilbyr tre arkitekter og planleggere, variert og lang erfaring frå tilsvarande mulighetstudier. Har ikkje med vegingeniør, akustik. CV viser at dei som er tilbydde har jobba med denne type problemstillinger. | 8,00 | 2,00 |

Det er Sweco og Opa Form som kjem ut best på dette kriteriet

## 1.3 Gjennomføringsplan og oppgåveforståing

Dette kriteriet er vurdert på ein skala frå 1 til 10 der 10 er best.

| Firma | Vurdering | Poeng | 25 % |
|---|---|---|---|
| Opa Form | Planen er konkret og grundig. Viser god forståing av oppgåva. Vinkla mot prosessarbeid. Levere etter avtalt tid. Møter med kommunen er sett opp. Teamarbeid er arbeidsform, fellesmøter med innleigd kompetanse på veg, trafikk og akustikk. | 10 | 2,5 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Forum Arkitekter | Planen er konkret og grundig.Viser god forståing av oppgåva. Leverer etter avtalt tid. Møter med kommunen er sett opp i veke nummer. | 10 | 2,5 |
| Sweco | Gjennomføringsplanen er konkret og svært ryddig. Dei viser god forståing for oppgåva. Leverer i juni. | 10 | 2,5 |
| OGArkitekter | God plan for gjennomføring, minus for levering ein måned etter det vi ønsker. Levert juli 2018. God oppgåveforståing | 9 | 2,3 |

Det er Opa Form, Forum arkitekter og Sweco som kjem best ut på dette kriteriet.

## 2. Evalueringsmatrise

| | | **Opa Form** | **Forum Arkitekter** | **Sweco** | **OGArkitekter** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kriterie** | **Vekting** | **Vekta poeng** | **Vekta poeng** | **Vekta poeng** | **Vekta poeng** |
| **Totale kostnader** | **50 %** | 5,00 | 2,74 | 2,39 | 2,13 |
| **Kompetanse og erfaring** | **25 %** | 2,50 | 1,88 | 2,50 | 2,00 |
| **Gjennomføringsplan og oppgåveforståing** | **25 %** | 2,50 | 2,50 | 2,50 | 2,25 |
| **SUM** | **100 %** | 10,00 | 7,11 | 7,39 | 6,38 |

Det er Opa Form som samla sett er vurdert å gi det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

## 3. Konklusjon

Meland kommune meddeler herved at det er beslutta å tildele kontrakt om Vurdering av plassering av ny barneskule Frekhaug-Dalstø til Opa Form. Signering av kontrakt vil finne sted etter karènsperiodens utløp. Karènsperioden utløper 25.04.18 kl. 12. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til Kristin Nåmdal på e-postadresse kristin.namdal@meland.kommune.no innan utløp av karènstida.

Vi takkar for deltakinga.